



# KYSTPASS 2021



30 RAMSALTE TURMÅL FOR STORE OG SMÅ!

Naturopplevingar for livet!

Sotra Øygarden Turlag



# Er du DNT-medlem?

Naturopplevingar for livet!



FOTO: André Martin Pedersen

I Øygarden er det mange som likar å gå tur. Det merka me spesielt i fjor då Kyspasset gjekk unna i rekordfart. Trass dette er det berre litt over 4% av innbyggjarane som er medlem av DNT. Når du bur ved kysten tenker du gjerne: "Kvifor skal eg melde meg inn i Turlaget? Eg bruker ikkje DNThyttene i fjellet" Eller: "Eg likar best å gå tur aleine". **Men har du tenkt over dette:**

**Er stien du går på rydda? Har du lese skilt som viser deg retningen? Kjem du deg tørrskodd fram ved hjelp av klopper og bruer som ligg i terrenget? Har merkepinnar ført deg til turmålet? Har du opplevd glede over å kome til den raude turkassa og å kunne klippe i Kystpasset, få ei ny innsjekking i SjekkUT, eller skrive deg i turboka?** Om du kan svare ja på eitt av desse spørsmåla, så er du ein del av turfamilien!

Våre frivillige i Sotra Øygarden Turlag har lagt ned mange timar i dugnadsarbeid. Dei brukar fritida si til å rydde stiar, male merkepinnar, setje opp skilt, byggje vardar, henge opp raude turkassar, snekre benkar, bruer og klopper. Dei har brukt mange timar på å lage gode turskildringar til Kystpasset. Alt dette vert gjort for at du skal kunne gå trygt på tur. Ditt medlemskap gjev støtte til å handle inn det som trengst til å utbetre stiane. Det gjev støtte til å trykke endå fleire Kystpass.

Eg håpar du kjem deg ut, og at naturen gjev deg pusterom. Sjekk at du er medlem! Meld deg inn! Og skulle du trenge inspirasjon til andre turar i ditt nærrområde, så har våre frivillige lagt inn tusenvis av forslag i UT-appen.

## God tur!

Beste helsing  
Heidi Reiseegg Endal, leiar i Sotra Øygarden Turlag.



**Bli medlem i DNT og støtt arbeidet med tilrettelegging og vedlikehald av turar i ditt nærrområde.**

**Meld deg inn her:  
[sotraoygarden.dnt.no](https://sotraoygarden.dnt.no)**

Følg oss på Facebook

#kystpass2021 på Instagram

# Innhold:

2. Er du DNT-medlem?  
**Regelverk:**
4. Fri ferdsel
6. Bålbrenning
6. Bua - utlån av utstyr
7. Båndtvang
8. Turvett
9. Miljøvern
10. Fritidsfiske
12. Telttips
14. **Turar: Sør**
16. Lerøy
17. Bestemortre
18. Vorlandstuva
19. Selekletten
21. Vetten
22. Bekhilderen
24. Grana
25. Skaganeset
26. Tyssøy
27. Indrafjellet/Haganesfjellet
28. **Turar: Midten**
30. Ånesvika
31. Sauafjellet
32. Liatårnet
33. Fuglavatnet
34. Dagsturhytta
35. Larslibua (kyrkjevegen Foldnes - Hjelteryggen)
36. Spjeldsfjellet frå Fjæreide
37. Gardafjellet
38. Havutsikten/ Polleide
40. Fjellparken
41. Krabbakjeila
42. **Turar: Nord**
44. Storskora
45. Vikåsen på Toftøy
46. Anekletten på Toftøy
47. Dethloffhytta
48. Steinsvatnet tursti
49. Skogsøy
50. Kvednane
53. Lislestakken
54. Gløvrebu, Seløy
55. Rubbegarnstana
61. Opplev Øygarden
62. Om turgruppene
63. Søndagsgruppa
64. Tirsdag- og Onsdagsgruppa
66. Slik bruker du klippekortet
63. Klippekort

# RETT TIL FRI FERDSEL JA, MEN ....

DETTE MÅ DU VITE OM FRILUFTSLOVEN OG ALLEMANNSRETTEEN:  
 Allemannsretten gjev alle rett til å ferdast og opphalde seg i utmarka i Noreg – når ferdselen "skjer med omsyn og med tilbørleg varsemid".  
 Allemannsretten er lovfesta i friluftsløven.

## Det er viktig å skille mellom innmark og utmark:

### INNMARK ER

- ♦ Gårdsplass, hustomt, dyrka mark, engslått og kulturbeite eller liknande områder
- ♦ Små utmarksarealer som er omslutta av innmark
- ♦ Områder som er sperra av til vern av drikkevatt, områder reservert for viltoppdrett, annan næringsverksemd eller militær aktivitet

### UTMARK ER

- ♦ Alt som ikkje er innmark
- ♦ Det meste av skog, fjell, myr, strand og vatn

Det er ikkje lov å ferdast på innmark. Unntak gjeld dersom eng eller åker er frosne eller snødekt i tida 15. oktober til 29. april.

Det er lov å dra opp båt eller kano på strandstrekning i utmark, for kortare tid. Du kan ikkje bruke kai eller brygge utan løyve frå grunneigar eller brukar.

Du kan fritt telte same stad i utmark inntil to døgn i låglandet, men ikkje nærare enn 150 meter frå hus eller hytte.

Ville blommar, bær og sopp kan plukkast fritt. Sjøfiske er også lov. Det er lokale reglar for fiske i ferskvatt og vassdrag. Sjå informasjon på kommunale sider.


Følg ellers lokale forskrifter for båndtvang.



Meir informasjon om allemannsretten finn du på nettsidene til Miljødirektoratet.

## NÅR DU NYTER NATUREN TIL FOTS, HUGS Å:

- ♦ Ta med deg søppelet ditt heim
- ♦ Bruke offentlege toalett der det er tilgjengeleg. Om ikkje, grav ned eller på annan måte sørg for at det ikkje er til sjenanse for andre
- ♦ Ikkje forstyrre dyre- og fugleliv, særleg i yngle- og hekketida
- ♦ Ikkje skade planteliv, særleg ikkje trua og sårbare artar
- ♦ Ikkje forstyrre husdyr på beite. Lukk grunder etter deg
- ♦ Respektere andre turgåarar sitt behov for avstand og stille
- ♦ Ikkje ta snarveggar over innmark, gjennom tun eller i nærleiken av hus/hytter der det bur folk
- ♦ Vere varsam med eld og hugse å slukke bål heilt før du forlet det. Hugs bålforbod 15. april - 15. sept.
- ♦ Ikkje skade tre når du skal finne ved til bålet – bruk tørre kvistar som du finn på bakken
- ♦ Ikkje legge bålplassen rett på svaberget, då kan berget sprekke.







## MANGLAR DU UTSTYR TIL TUREN? HER KAN DU LÅNE UTSTYR

### BUA FRIHuset – Ågotnes

På BUA kan ein låne det meste til friluftsliv, både sommar og vinter, – alt frå telt og soveposar til ski og skøyter. Alt er gratis til utlån for våre innbyggjarar.

### Sund Bibliotek

GPS, telt, liggjeunderlag, kokeapparat gästavar, refleksvestar og fiskestenger.

### Øygarden Bibliotek

Fiskestenger og redningsvestar for vaksne.

### Fjell Bibliotek:

Redningsvestar for barn og vaksne, sekk, fiskestenger, slukar.

### Utlån til skular og barnehagar:

Lavvoar, bålpanne, håvar, kompass m.m.

## BÅLBRENNING

Det er generelt bålforbod i perioden 15. april til 15. september. Dette inneber forbod mot å tenna opp bål og grill i, eller i nærleiken av skog og anna utmark. Brannvesenet kan likevel gje løyve til å tenna opp bål, om du søker om dette. Sjekk alltid kva reglar som gjeld før du tenner opp bål.

### TIPS TIL TRYGG BÅLBRENNING:

- ♦ Ta omsyn til skogbrannfare og vindtilhøve.
- ♦ Det er alltid den som brenn bål som har ansvaret for branntryggleiken.
- ♦ Det bør vera ein vaksen, edru person som er ansvarleg for bålet.
- ♦ Bålet må vera i god avstand frå busetnaden og vegetasjon.
- ♦ Det er ikkje lov å brenna bål på svaberg.
- ♦ Bålet må ikkje vera større enn at du har kontroll på det og kan slokke ved behov.
- ♦ Ha eigna sløkkeutstyr lett tilgjengeleg.
- ♦ Det er forbode å brenna plast, bygningsmaterial og anna søppel.
- ♦ Når du forlet bålplassen skal bålet vera heilt sløkt.



## DNT SjekkUT


I 2016 lanserte DNT ein ny app som heiter SjekkUT. Denne har vi tatt i bruk, og mange av våre turar ligg her. Når du er i nærleiken av eit sjekkUT-punkt vil dette koma opp i appen. Du kan sjå kart som viser kvar du er, og turpostar som er lagt inn i nærleiken. Du kan sjekke inn på turposten med mobiltelefonen, og signere den digitale gjesteboka.

Sotra Øygarden Turlag har fleire SjekkUT-punkt og alle desse finn du i DNT - SjekkUT-appen. Når du går i ei av turløypene sjekkar du inn i appen, og turen blir då registrert på deg. Det er gratis å oppretta ein brukarkonto, og du treng ikkje vera medlem i DNT.

## BANDTVANG

Som hundeeigar er det viktig at du alltid har hunden under kontroll, både i bandtvangstida og elles. Slik vernar du ville og tamme dyr, og unngår å skremma andre mennesker.

**Det er generell bandtvang i Øygarden kommune f.o.m. 1. april t.o.m. 10 oktober.**



## COVID-19

Følg med på retningslinjene som gjeld i kommunen. Arrangement i turkalenderen kan bli avlyst dersom det kjem nye smittevernreglar. Avlysing vert annonsert på heimesida sotraoygardenturlag.dnt.no





# TURVETT

## Nærtur

- ♦ Sei ifrå kvar du har tenkt deg på tur
- ♦ Lytt til dei som har gått turar før deg
- ♦ Ha respekt for vêr og vêrmelding
- ♦ Ha respekt for gjerde og steingardar
- ♦ Ikkje kast søppel i naturen, plukk opp viss du ser noko
- ♦ Ta med drikke
- ♦ Ha godt fottøy
- ♦ Ta med nok klede, bles det er det viktig med noko som er vindtett
- ♦ Skal du i båt må du ha med godkjent flyteplagg, lær trafikkreglane til sjøs.

## Barn

- ♦ Planlegg turen saman med barna
- ♦ Sett av tid til undring
- ♦ Gå ut i dårleg vêr, det blir gode minner
- ♦ Leik, du er vaksen og har lov til det
- ♦ Ikkje snu med ein gong, barn klarar meir enn du trur
- ♦ Ha alltid med ekstra «bensin» til barna
- ♦ Lukt på mose, bruk alle sansane
- ♦ Førstehjelpsutstyr, varme klede og nok mat og drikke høyrer alltid til
- ♦ Få hjelp undervegs, barna likar å bidra
- ♦ Mål suksess i antall timar ute, ikkje km
- ♦ Skryt oppriktig av barna
- ♦ Ta pausar undervegs
- ♦ Tenk tryggleik - er du i tvil så er du ikkje i tvil

For meir informasjon, sjå:  
[www.helstute.com](http://www.helstute.com)

# MILJØVETTREGLENE

## #1 Reis mindre, opplev meir

«Jo kortare du reiser, jo meir tid får du til sjølve turen. Finn ut kva turområde du har i nærleiken, og bruk dei. Då vert det enklare å planlegge og gjennomføre turar. Tida du sparar på reising kan du bruke på å oppleve, nyte og utforske naturen. Når du først reiser, reis miljøvenleg.»

## #2 Sats på opplevingar, ikkje utstyr

«Kjøp brukt, lån av vener og ta godt vare på det utstyret du har, så det held seg år etter år. Bruk utstyret som eit verkemiddel for gode opplevingar, men hugs at utsikta ikkje vert betre med årets modell av skalljakka. Kjøper du mindre, og brukt, sparar du både miljøet og lommeboka.»

## #3 Fiks alt, alltid

«Gjer gaffateip, ståltråd og lommekniv til fast inventar i tursekken. Mykje kan reparerast, og det finst reservedelar til både utstyr og klede. Ta kontakt med produsenten, så kan det hende dei hjelper deg heilt gratis.»

## #4 Et grønt

«Det er viktig å få i seg nok næring på tur. Å ete grønt er bra både for miljøet og helsa. Reduser kjøttinntaket, og bidra til å minske utslepp av klimagassar, frigjere jordbruksareal, avgrense avskoging og bidra til ein meir dyrevenleg kjøtproduksjon.»

## #5 Samkøyring er bra køyring


«Viss du må reise langt for å kome deg på tur, bruk god tid på planlegging av turen. Finn den mest miljøvenlege reisemetoden, enten det er samkøyring eller kollektivtransport.»

## #6 Ver rusta mot uventa søppel

«Det tek rundt 450 år før ei plastflaske blir broten ned i naturen. Ta med ein ekstra pose, eller hald av ei lomme i sekken til søppel.»

## #7 Syn veg, ver eit klimaførebilete

«Ver ein del av klimaløysinga, ikkje problemet! Ha respekt for naturen og dei moglegheitene den gjev oss. Gå føre og syn dei rundt deg kor enkelt det er å gjere kvardagen og turlivet meir miljøvenleg. Då vil også komande generasjonar ha moglegheita til å nyte den same naturen.»



# FRITIDSFISKE

i Øygarden kommune





FOTO: Espen Elstad



## FISKARAVGIFT / FISKEKORT

Det er fritt fiske i sjøen og på havet, men med to unntak:

- ♦ Fiske inst i Fjellspollen er regulert grunna krav om fiskekort i Fjellsvassdraget.
- ♦ Fiske innafør 100 meter frå utlaupet av Litlepollen er forbode i perioden 16.09 – 30.06.

Det er som hovudregel ikkje krav om fiskekort for fiske i innsjø/elvar i Øygarden kommune. Vanlegvis er det heller ikkje nødvendig med løyve frå grunneigar til såkalla tålt fiske med stong frå land. Fiske med garn må ha samtykke frå grunneigar. Venlegst avklar med grunneigar før ein går over innmark for å kome til fiskevatn.


Det er krav om fiskekort for fiske i Fjellsvassdraget. Dette kan du kjøpa på Cirkel K (Fjell gard) og hjå Sotranot as (Sartor Storsenter).

**Fiskeperioden er frå 01.07 – 15.09.**



# TELT TIPS

## i Øygarden kommune



Tyssøy



Sandeie

### FINE TELTPLASSAR I KOMMUNEN

#### Tyssøy

I Smivågen på Tyssøy er det ei flott badevik med bra høve for telting. Her er det spennande å utforske fjøra. Er man rask kan man fange små flyndrefiskar. Det er fin sandbotn eit lite stykke ute i vatnet. Bergen og Omland Friluftsråd har tilrettelagt med bord og benker. Flotte svaberg på utsida av vågen. Fine turstiar i området. Toalett nokre hundre meter før stranda. Fastlandssamband med bil via Bjørøy. Parkering like etter brua til Tyssøy. Følg asfaltveg og grusveg 1,2 km retning Smivågen.

#### Sandeie

Sandeie er ei skjult perle ute i havgapet. Her er det eit stort område med skjelsand som har blitt skylt inn frå havet. Her er også ei grasslette der det er fint å sette opp telt. Fine høve for fiske frå svaberga på sør-vestsida. Det er 4,4 km å gå til Sandeie frå grinda i enden av Storvegen (Algrøy). Parkering ved Algrøy skule, Gangstø. Det er fint å gå, men siste 2 km er terrenget meir kupert. Tilkomst med båt frå Barmane nord-aust for Sandeie. Då går ein eit lite stykke gjennom skog.

#### Fiskesleppet

Fiskesleppet i Telavåg er kjend for sitt flotte klatrefelt med fleire titalts klatreruter. Hoveddelen vart utvikla av Telavåg skule i 2011. Ved klatrefeltet er det ei stor grasslette der det er fint å telte. Det er også ein lavvo i solid treverk med vedovn der ein kan varme seg. Fiskesleppet ligg i Nordjøløypa og er eit fint utgangspunkt for tur ut i havgapet. Det er parkering ved Telavåg skule, men det er mogleg med av- og påstigning nær området, i enden av Stølsbrekko.

#### Ormhilleren

Ormhilleren er eit populært friluftsområde som er tilrettelagt av Bergen og Omland Friluftsråd. Her er det barnevenleg badefjøre, grassletter og fine svaberg. Bedefjøre ligg i ei lun og skjerma vik ute i havgapet og har fin sandbotn. Her kan borna finne store krabber i fjøra. Toalett ved badevika. Parkeringsplass for 25 bilar ved Øygardsvegen, rett etter Rongesundet bru når ein kjem frå sør. Det er gruslagt gangveg heile vegen fram til badeplassen, ca 1 km t/r.

#### Skogsøy

Ute ved Skogstuo er det nokre fine små grasflater der ein kan telte. Her får ein flott utsikt mot havet og ein kan nyte både solnedgang og soloppgang. Det står ein benk med bord på toppen der ein kan nyte måltida. Eit stykke sør for Skogstuo er det flotte badekulper som får god badetemperatur på varme sommar dagar. For å kome hit følger ein stien vidare på baksida av fjellet der Hildringsbu står. Parkering på Herdlevær. Sjå turskilrding under Kystpassturen.







Risøy, Glesvær



klopper mellom Telavåg og Glesvær




Bekhilderen, Telavåg

## FLOTTE TURAR I SØR

Sør i Øygarden er det flott natur og turane som vert presentert her er eit fint høve til å verta kjent med dette området. Turane passar for både store og små.

TURAR I SØR	SIDE
Lerøy	16
Bestemortre	17
Vorlandstuva	18
Selekletten	19
Veten	21
Bekhilderen	22
Grana	24
Skaganeset	25
Tyssøy	26
Indrafjellet/Haganesfjellet	27







# Lerøy

**Startpunkt**  
**Normal gangtid**

Fergekai. Fergerute Hjellestad-Klokkarvik, skyss.no.  
Ca. 1 time. 2,8 km (rundt vatnet).

Evt. 45 min. 2 km t/r fra kaien til turkassen.

**Høgde**  
**Parkering**

40 m.o.h.

Klokkarvik fergekai. Fergetider finn ein på skyss.no.  
Fergeturen tek ca. 20 minutt.

**TURSKILDRING:** Stien startar ca. 1 km frå kaien, første halvdel asfaltert, deretter grus fram til start. Startskilt inn til høgre ved hytte. Tydeleg sti fram til Storavatnet. Ved opning i gamal steingard, gå til venstre. Der er det vått parti. Lett synleg sti langs vatnet. Kjem til nytt vått parti når ein nærmer seg Grønhaugen og turkasse. Frå toppen fortsetter stien til høgre. No går stien ned til badeplass, langs vatnet og fram til stislutt ved nr. 41. Turen rundt vatnet er ein idyllisk og fin tur.

Det er også mogleg å ta ein fin padletur over til Buarøyna rett sør for Lerøy. Gå frå fergekaiene inn mot Seilbakken, gjennom tunnel ca 200m. Her er det fint å sjøsette kajakken. Det er gratis å ta med kajakk på Lerøyferga.



# Bestemortre

**Startpunkt**  
**Normal gangtid**  
**Høgde**  
**Parkering**

Førdestraumen eller Førde.

Ca. 1 time. 2,6 km t/r

120 m.o.h.

Lett kupert terreng. God sti og fin utsikt.

**TURSKILDRING:** Turen kan gjerne kombinerast med ein tur opp til Veten. Nær Raunedalen er det ein avstikker til venstre når ein kjem frå Førde.

**Frå Førdestraumen:** kryss hovudvegen og følg Langabergsveien til endes. Stien startar ved snuplassen. Godt merka sti. Ved stiskille kan ein gå begge vegar, enten over haugen til venstre eller til høgre rundt haugen. Når stiane møtast igjen er det litt stigning. På veggen opp til Bestemortreet er det ein fin leirplass med leikeområde.








# Vorlandstuva

<b>Startpunkt</b>	Vorland (Haugeskulen)
<b>Normal gangtid</b>	Ca. 2 timer. 3,2 km t/r (frå Førde ca.3t 7,4km t/r)
<b>Høgde</b>	190 m.o.h.
<b>Parkering</b>	Haugeskulen (Vorland), veg til venstre: Vorlandsgjerde.

**TURSKILDRING:** Følg RV 555 mot Steinsland. Sving inn veg til venstre nokre 100 meter etter Vorlandsvatnet, ved gamle Haugeskulen. Gå innover grusvegen til du får Vorlandsvatnet på venstre side. Her er det skilta mot Vorlandstuva og det vert bratt stigning. På toppen er det stidele, her skal ein ta til venstre mot Vorlandstuva. Ny stigning på slutten. Ein del våte parti, så ha godt skotøy. Fin utsikt på toppen.



# Selekletten

<b>Startpunkt</b>	Tofterøy skulehus
<b>Normal gangtid</b>	Ca. 2 timar rundtur. 4,8 km
<b>Høgde</b>	60 m.o.h.
<b>Parkering</b>	Parkeringsplass på nedsida av Tofterøy skulehus.

**TURSKILDRING:** Følg FV 560 retning Steinsland. Rett før Steinsland: køyr til høgre og inn på Tofterøyvegen. Følg denne fram til Tofterøy skule. Frå Parkering: gå tilbake på hovudvegen langs vatnet. Ta første veg til høgre etter vatnet. Følg vegen innover til du får ei lita grind på høgre side. Gå gjennom grinda og følg stien som er merka med raude merkepinnar. Kan også starte i andre enden av rundturen: gå tilbake på vegen langs gjerdet til skuleplassen. Ta av til høgre ved enden av gjerdet. Følg raude merkepinnar. Dette er ein fin tur i relativt flatt terreng. Nokre våte parti. Beitedyr på innmark langs vatnet. Vis omsyn. Ta gjerne turen oppom Selefjellet. Fin bade plass i Skjelevika.





”  
Saltsmak,  
friske kinn og  
respekt



## Veten

<b>Startpunkt</b>	Mange startpunkt – dei mest brukte er Stranda skule og Førde.
<b>Normal gangtid</b>	2 - 3 timar. 4 - 4,4 km t/r (avhengig av startpunkt).
<b>Høgde</b>	284 m.o.h.
<b>Parkering</b>	Førde/Stranda skule

**TURSKILDING: Frå Førde:** Om ein kjem frå nord, køyr eit stykke forbi Klokkarvik. Ta av vegen til høgre ved skiltet mot Førde. Køyr nesten til endes. Her er parkering og skilt mot Veten. Følg grusvegen (Vetenvegen) oppover frå parkeringen, hald til venstre. Etterkvart over i terreng. Jamn stiging. **Frå Stranda:** Stien startar ved bassenget (bygning på venstre side før stien). Nokre 100m innover grusvegen kjem du til ein lavvo og “Gitaren” som er eit flott byggverk. Meir informasjon på “Ord i spreke spor” og i SjeckUT. Fin sti vidare. Ved stiskille mot Storevarden fortsetter stien rett fram gjennom Vetadalen. Ny stiging på slutten. Nær toppen passerer ein flymotoren etter flystyrt i 1948 (les meir på SjeckUT). Veten er den høgaste toppen sør i kommunen. Kikkert og sikteskive på toppen som viser fjelltoppar i 33 kommunar.







# Bekhilderen

<b>Startpunkt</b>	Telavåg idrettsplass
<b>Normal gangtid</b>	2,5 timar. 5,6 km t/r (frå stistart)
<b>Høgde</b>	Ca. 14 m.o.h. (turkassen) 1,5 m.o.h. (hulen, ved fjøre)
<b>Parkering</b>	Telavåg idrettsplass.

**TURSKILDRING:** Kryss hovudvegen og følg denne litt tilbake. Gå ned til høgre, Selstøsjøen (infotavle her). Følg vegen og gå inn til Håvarden, på venstre side av vegen. Følg vegen til toppen av bakken. Her er stistart til venstre. Først grusveg, så over på sti. Ein kan sjå eit restaurert kvernhus på venstre side i enden av skogen. Herfrå går stien skrått oppover til venstre og deretter til høgre. Stien er merka med blå merker. Nokre bratte parti på denne turen. Ved stiskille tek ein til høgre: "ytre løype". Raude merkepinnar vidare. Ved skilt mot Bekhilderen, gå mot vest (høgre). Følg terrenget mot vest og gå ned på venstre side av klippen. Turkassen står i terrenget før ein kjem til svaberga. Gå mellom steinblokkene og gå langs fjellveggen ut til Bekhilderen. OBS: følg med på tidevannstabell! Ikkje mogleg å gå inn / ut av grotta utan at det er MAKS fjøre. SjekkuT-punkt er plassert ved hulen (ikkje ved turkassen). Kan også registrere SjekkuT på fjelltoppen OVER hulen.







# Grana

<b>Startpunkt</b>	Telavåg skule
<b>Normal gangtid</b>	1,5 time. 4 km t/r.
<b>Høgde</b>	Ca. 7 m.o.h.
<b>Parkering</b>	Telavåg skule

**TURSKILDRING:** Gå vidare innover vegen frå skulen. Rett før siste hus går stien ned til venstre (skilt mot Sørvika/Nesvika). Følg raude merkepinnar gjennom skogen til ein kjem til ei stor grasslette. Kryss heile sletta. Ein går då forbi klatreområdet "Fiskesleppet" på høgre side. På venstre side går det ein sti bort til ein lavvo. Følg skilting mot Granane. I enden av grassletta går ein ut på sti igjen. God sti i lett terreng. Kan være vått heilt i starten av turen. Flotte svaberg og utsikt mot havet.



# Skaganeset

<b>Startpunkt</b>	Skaga
<b>Normal gangtid</b>	1 time. 2,6 km t/r.
<b>Høgde</b>	5 m.o.h.
<b>Parkering</b>	Nokre få plassar langs vegen (Skaga)

**TURSKILDRING:** Køyr inn på Skogsvågvegen. Etter eit stykke tek ein av til venstre der vegen heiter Skaga. Følg denne vegen nesten til endes. Nokre få parkeringsplassar på høgre side av vegen. Stien startar på nedsida av parkeringen, inn i skogen. Variert terreng med godt merka sti og klopper over våte parti. Det er mange steinalderfunn i området, og delar av stien går langs Kvalvågen med rik kvalfangsthistorie. Fleire infotavler undervegs. Fleire stiskille som møtast igjen. Lengden på turen blir omlag den same uansett kva veg ein går.





# Tyssøy

<b>Startpunkt</b>	Ved parkering like etter brua
<b>Normal gangtid</b>	Ca. 1 time. 3.5 km rundtur.
<b>Høgde</b>	7 m.o.h.
<b>Parkering</b>	Like etter brua

**TURSKILDRING:** Følg asfaltveg. Gå inn til venstre mot Smivågen. Universelt utforma sti frå det gamle skulehuset der vegen sluttar og ned til sjøen. For å gå rundturen går ein til høgre der stien deler seg, ved utedo. Raude merkepinningar. Her kan ein møte geiter. Fleire infotavlar undervegs med historie frå Tyssøy. Bergen og Omland Friluftsråd har tilrettelagt fin teltplass nede i Smivågen. Fin badevik med sandbotn. Mykje småfisk i fjøra som er kjekt for barn. Turkassa er plassert eit stykke forbi Smivågen, ved Vestreneset.




# Indrafjellet/Haganesfjellet

<b>Startpunkt</b>	Til venstre i svingen rett før parkering
<b>Normal gangtid</b>	Ca. 2 timar. 5,2 km rundtur.
<b>Høgde</b>	232 m.o.h.
<b>Parkering</b>	P.plass på høgre side av vegen eit lite stykke etter Haganesvatnet.


**TURSKILDRING:** Følg vegen litt tilbake frå parkeringen. Sti inn til høgre i svingen. Litt bratt stigning på smal sti etter nokre hundre meter. På toppen kan ein velge å gå rett fram eller til høgre. For å få ein fin rundtur er det best å gå rett fram. Ein går då forbi fleire fine små fossefall og vatn. Følg stien til høgre etter dette (sjå retningspil mot høgre). Vått parti på flaten før siste stigning. Gå først til venstre etter denne flaten, deretter til høgre. Følg fjellsida opp til toppen. Flott rundskue.







Sauafjellet



Ånesvika

Steinsvatnet tursti



Gardafjellet

Padletur ved Misje



## FINE TURAR I MIDTEN

I midten av Øygarden er det flott natur, og turane som vert presentert her er eit fint høve til å verta kjent med dette området. Turane passar for både store og små.

TURAR: MIDTEN	SIDE
Ånesvika (Kan padle eller gå)	30
Sauafjellet	31
Liatårnet	32
Fuglavatnet	33
Info om Dagsturhytta	34
Larslibua (Kyrkjevegen Foldnes - Hjelteryggen)	35
Spjeldsfjellet frå Fjæreide	36
Gardafjellet	37
Havutsikten / Polleide	38
Fjellparken	40
Krabbakjeila (Algrøy)	41





# Ånesvika

<b>Startpunkt</b>	Algrøy skule (Gangstø)
<b>Normal gangtid</b>	Ca. 3 timar. 5,8 km t/r
<b>Padling:</b>	Ca. 2 timer roleg padling frå Møvik
<b>Høgde</b>	1,5 m.o.h.
<b>Parkering</b>	Algrøy skule (gange), Storesund (padling)

**TURSKILDRING:** Stien startar ved grind innerst i Storvegen før Algrøy skule (Gangstø). Følg skilting mot Sandeie og Idlefjell. Etter Idlefjell meir kupert terreng. Følg stien nedover retning sjøen. Ta til venstre ved stikkelle nede på flaten der det er restar av gamal steingard. Vått i stien. Bruk godt skotøy. Turen kan også padlast. Start Møvik eller Syltøy Storesund.

I Ånesvika er det ein enkel kabin som kan leigast for overnatting.


**Kontakt:** [post@nullmeteroverhavet.no](mailto:post@nullmeteroverhavet.no)



# Sauafjellet

<b>Startpunkt</b>	Innerst ved snuplassen på Fjæreide.
<b>Normal gangtid</b>	Ca. 1,5 time. 4,2 km rundtur.
<b>Høgde</b>	131 m.o.h.
<b>Parkering</b>	Langs vegen (nokre hundre meter før snuplassen på Fjæreide.)

**TURSKILDRING:** Parkering på grusplass langs vegen nokre hundre meter før snuplassen på Fjæreide. IKKJE parker på snuplassen heilt innerst, eller i private vegar. Følg vegen opp mot vassverket. Ta til høgret rett før vassverket og følg sti opp på baksida av bygget. Fortsett mot sørvest langs Fjæreidevatnet. Stien er ein del av Nordsjøløypa. Stien går etterkvart vekk frå vatnet. Stikkelle ved ei lita elv: følg stien mot vest. Ved neste stidele, følg skilting mot Sauafjellet. Stien går no tilbake mot Fjæreide og Sauafjellet, du ser toppen det meste av strekket. Det siste strekket er ganske bratt. Fin utsikt mot havet før du går ned igjen mot Fjæreide.







# Liatårnet

<b>Startpunkt</b>	Haganes
<b>Normal gangtid</b>	4 timar. 8,8 km t/r
<b>Høgde</b>	341 m.o.h.
<b>Parkering</b>	Haganes (grusplass på høgre side av vegen etter Haganesvatnet)

**TURSKILDRING:** Det høgaste fjellet i Øygarden er eit populært turmål, med utsikt i alle himmelretningar. Det er fleire startpunkt, men her tek me utgangspunkt i stien som følger Nordsjøløypa frå Haganes. Følg vegen nokre hundre meter tilbake etter parkering. Stistart i svingen på høgre side av vegen. Følg stien oppover skaret. Ved skilt på toppen av skaret skal ein ikkje følge skilt mot venstre, men fortsette rett fram mot aust. Etter nokre fine små fossefall går stien til venstre (sjå retningspil mot venstre). Følg raude merker nordover. Etter eit stykke kjem ein inn att på Nordsjøløypa. Følg denne til toppen. Bratt stigning siste del opp mot Liatårnet. Andre startpunkt er parkeringsplassen ved Fjell Festning, frå Li eller frå toppen av Bildøybakken.



# Fuglavatnet

<b>Startpunkt</b>	Ved Landro kyrkje
<b>Normal gangtid</b>	Ca. 1 time. 3,4km rundtur.
<b>Høgde</b>	82 m.o.h.
<b>Parkering</b>	Ved Landro kyrkje.

**TURSKILDRING:** Lettgått tur, men nokre bratte parti. Normalt våt løype i enkelte parti. Følg vegen mot aust (Landrodalen), stien startar på nordsida av vegen omtrent ved enden av gravplassen. Følg stien opp til restane av gamle Landro skule (grunnmur). Stien går på vestsida av vatnet. Ta av mot aust i enden av vatnet og gå vidare rundt vatnet. Turkasse etter eit lite stykke. Herifrå er det nokre korte bratte strekk vidare, før stien går tilbake på austsida av vatnet. Her kjem du tilbake til gamleskulen, og kan følge stien ned igjen til vegen.





## Dagsturhytta

Våren 2021 opnar den nye dagsturhytta, kalla Larslibua, i Foldnesmarka. Ho er plassert ved Kyrkjevegen mellom Foldnes og Hjelteryggen. Sotra Øygarden Turlag har vore med å finansiere dagsturhytta Larslibua.

Dagsturhytta er eit lågterskeltilbod for turgåarar som er open for alle kvar dag heile året og vil vera tilgjengeleg for rullestolbrukarar. Kvar hytte har eit nynorskbibliotek med ulike bøker på nynorsk.



Foto: Magnar Egil Øren, Gansel



Foto: Pål Fidjestøl

- Her treng du ikkje nøkkel.
- Her kan du finna ro.
- Her kan du møta andre.
- Her kan du nyta utsikta.
- Her kan du drikka teen din og eta matpakka.
- Her kan du faktisk gjera det meste, berre du tek ansvar for at nestemann kjem til ei like flott hytte som du kom til.

Prosjektet er eit samarbeid mellom Vestland fylkeskommune, Sparebankstiftinga til Sparebanken Sogn og Fjordane og kommunen sjølv. Målsetjinga er at det skal vera ei dagsturhytte i kvar av dei «gamle» kommunane i Vestland fylke. I løpet av hausten 2021 kjem to nye dagsturhytter i Øygarden kommune, ei i gamle Sund kommune og ei i gamle Øygarden kommune. Det vert arbeid med å finna plassering til desse.

OYGARDEN.KOMMUNE.NO/OPPLEVOYGARDEN



## Larslibua (Kyrkjevegen Foldnes-Hjelteryggen)

<b>Startpunkt</b>	Parkeringsplassen ved Foldnes kyrkje
<b>Normal gangtid</b>	Ca. 1,5 time. 5,2 km t/r (heile løypa)
<b>Høgde</b>	17 m.o.h.
<b>Parkering</b>	Parkeringsplassen ved Foldnes kyrkje.

**TURSKILDING:** Følg grusa turveg frå Foldnes til Hjelteryggen. Etter ca 15 minutt gange kjem ein til Larslibua som står ved Larslivatnet. Løypa er universelt utforma, så også rullestolbrukarar kan nytta den fram til Larslibua. Drikkevatt og rasteplassar langs vegen mot Hjelteryggen. Løypa har automatisk belysning om kveldane.







# Spjeldsfjellet frå Fjæreide

<b>Startpunkt</b>	Ved snuplassen på Fjæreide.
<b>Normal gangtid</b>	Ca. 1,5 time. 5 km t/r
<b>Høgde</b>	165 m.o.h.
<b>Parkering</b>	Langs vegen (nokre hundre meter før snuplassen på Fjæreide.)


**TURSKILDRING:** Stistart opp til venstre ca 100 meter forbi snuplass på Fjæreide. Flott sti med over 40 klopper over dei våte partia, laga av gamle Sotra-Øygarden Turlag. Stien er ein del av Nordsjøløypa. Rett før ein kjem til Spjeld går stien vidare oppover mot venstre. Litt meir stigning her på slutten. På Spjeldsfjellet har ein utsikt i alle himmelretningar. Alternativt kan ein starte på Spjeld eller på Kårtveit, men her er det vanskelegare å parkere.



# Gardafjellet

<b>Startpunkt</b>	Nedre parkeringsplass for Fjell kyrkje
<b>Normal gangtid</b>	Ca. 1,5 time. 4km t/r
<b>Høgde</b>	44 m.o.h.
<b>Parkering</b>	Nedre parkeringsplass Fjell Kyrkje

**TURSKILDRING:** Gå først vidare innover på asfaltvegen Kvednhaugen. Kryss vegen og gå inn på grusveg, sti til venstre etter nokre meter. Etter litt stigning og litt flatare terreng langs vatnet tek ein inn til venstre. Stidele er merka med raud pinne. Her er det laga trapper/kloppar i terrenget. Følg raude pinnar til Gardafjellet. Kloppar på dei våtaste partia, men nokre våte parti utanom. Her er beiteområde, vis omsyn. Fin utsikt i alle retningar frå toppen. Gå vidare i austleg retning. Etter ei stund går ein over ei bru, og følgjer stien vidare til ein møter den gamle kyrjevegen att. Ved stidele: gå til høgre mot Fjell og parkeringsplassen. Ein kan også gå frå f.eks. Morland, Kolltveit eller Kleivane, men då er det vanskeleg med parkering.







# Havutsikten/Polleide

<b>Startpunkt</b>	Parkeringsplassen ved Kårtveitpollen friluftsområde.
<b>Normal gangtid</b>	Ca. 1,5 time. 2,8 km t/r. 4,2km t/r til jettegryta
<b>Høgde</b>	41 m.o.h.
<b>Parkering</b>	Parkeringsplassen til Kårtveitpollen friluftsområde.

**TURSKILDRING:** Stien startar på eit lite svaberg ved parkeringsplassen. Etter første haugen rett over barnehagen ser ein varden i horisonten litt til venstre. Klopper på dei våtaste partia. Flott utsikt og benker rundt varden. Her er den raude turkassen. For å kome til jettegryte: følg stien vidare nordover etter Havutsikten. Stien svinger etterkvart mot sør-vest. Etter ca 800 m kjem ein til jettegryta som ligg relativt høgt i terrenget. SjekkUT-punktet er plassert her, ikkje ved turkassen. Badeplass og gapahuk ved Kårtveitpollen friluftsområde.







# Fjellparken

<b>Startpunkt</b>	Tellnesskogen (parkering Fjell Festning), midtre del av Bildebakken (Døsjeskiftet), eller toppen av Bildebakken.
<b>Normal gangtid</b>	Tellnesskogen via Bjørkedalen 6,4 km t/r, Døsjeskiftet 4,7 km t/r, Bildebakken 4,6 km t/r.
<b>Høgde</b>	194 m.o.h.
<b>Parkering</b>	Sjå startpunkt.

**TURSKILDRING:** Stiane er godt merka. Det er sett opp skilt med informasjon om retning og avstand på parkeringsplassen til Fjell Festning (Tellnesskogen) På vestsida av Bildevatnet er det lagt ein del kloppar på dei våtaste partia. På austsida er det litt meir småkupert. Det er fleire stiar i Fjellparken som fører til Bildevatnet rundt. Den kortaste turen er frå toppen av Bildebakken. Den lengste turen er frå parkeringsplassen ved Tellnesskogen og vidare via Vardafjellet. Informasjon om fleire stialternativ står i SjekkUT-appen.



# Krabbakjeila (Algrøy)

<b>Startpunkt</b>	Algrøy Skule
<b>Normal gangtid</b>	Ca. 2 timer. 4,6 km t/r frå grinda.
<b>Høgde</b>	13 m.o.h.
<b>Parkering</b>	Algrøy Skule (Gangstø)

**TURSKILDRING:** Stien startar ved grind innerst i Storvegen rett før Algrøy Skule. Følg skilting mot Trollskogen. Frå Trollskogen, gå vidare mot Elvena. Kryss bekken og fortsett på stien rett fram. Gå til høgde mot blå sti ved skiltet "til raud sti". Stien er godt merka. Ved Minteie, går du over ei ny bru og opp mot steingarden. Stiskille etter ca. 50m. Ta til venstre og følg blå sti heilt ut til Krabbakjeila. Kjekt for barn å leike i fjøra. Turen har ein del våte parti. Kan gå rundtur ved å følge sti tilbake på nordsida. Då kjem ein til Kungvika og går forbi bedehuset på Algrøy.







## FLOTTE TURAR I NORD

Nord i Øygarden har flott natur, og turane som vert presentert her i Kystpasset er eit fint høve for deg å verta kjent med dette området. Turane passar for både store og små.



TURAR I NORD	SIDE
Storskora	44
Vikåsen på Toftøy	45
Anekletten på Toftøy	46
Dethloffhytta	47
Steinsvatnet tursti	48
Skogsøy	49
Kvednane	50
Lislestakken	53
Gløvrebua, Seløy	54
Rubbegarnståna	55





# Storskora

<b>Startpunkt</b>	Du ser inngangen til stien 100 m før du kjem til P-plassen.
<b>Normal gangtid</b>	1,5 timar. 2,5 km t/r
<b>Høgde</b>	22 m.o.h.
<b>Parkering</b>	Turøyvegen (Øyatangen), parkeringsplass ca. 200m før Turøybrua.

**TURSKILDRING:** Ta av RV 561 og køyr retning Turøy. Du ser inngangen til stien 100 m før du kjem til parkeringsplassen. Følg blå merker ut til fyret. Lett tur. Storskora er ein fin tursti og det er fine klatremoglegheiter på vestsida av øya. Turen kan gjerne kombinerast med tur i Vikåsen. For dei som ynskjer å fiske er det mange gode fiskeplassar frå land. På sørsida av veggen er det ei fin badevik, denne vart i eldre tider brukt som kastevåg.



# Vikåsen på Toftøy

<b>Startpunkt</b>	Turøyvegen (Øyatangen), grusa parkeringsplass
<b>Normal gangtid</b>	Ca. 40 min. 1,8 km t/r.
<b>Høgde</b>	52 m.o.h.
<b>Parkering</b>	Parkeringsplass ved ststart.

**TURSKILDRING:** Ta av RV 561 og køyr retning Turøy. Etter 300-400 meter er det ein grusa parkeringsplass på høgre side av veggen. Stien startar til venstre der ein køyrer inn til parkeringen. Avstikkar ned til høgre mot Pardalsmyra etter ca 400 m. Her er det ein fin naturleikeplass for barn. Stien til Vikåsen går vidare rett fram forbi denne avstikkaren. Følg blå merke. Turkassen er på venstre side av stien rett før ein kjem til toppen. I Vikåsen kan ein gjere fleire små tursløyer frå 1,5 km til 5 km lange. Fleire av turane er merka med Nordsjøløypelogoar. Turen kan gjerne kombinerast med tur til Storskora.





# Anekletten på Toftøy

<b>Startpunkt</b>	Ved vegkrysset til Torsvik, langs rv. 561
<b>Normal gangtid</b>	Ca. 1,5 timar. 4,6 km rundtur.
<b>Høgde</b>	35m.o.h.(turkasse) 59 m.o.h. (toppen)
<b>Parkering</b>	På vestsida av vegen utanfor Torsvik elektriske.

**TURSKILDRING:** Kryss vegen ved Torsvik elektriske. På austsida av vegen er det sett opp ei tavle med informasjon på fleire språk om denne Nordsjøløypa. Turen er merka med nordsjøløypelogoar og blå merker. Ein går austover ut i utmarka, og dreiar sør og opp på utsiktspunktet Anekletten. Flott utsikt. Vidare sørover kjem ein til restaurerte torvhus. Turkassen står ikkje på toppen men ved eit av desse torvhusa. Stien sluttar i eit hyttefelt innanfor Breivika og går nord for Norlavatnet. Ute på riksvegen følgjer ein gangvegen ca. 1,5 km tilbake til utgangspunktet.



# Dethloffhytta

<b>Startpunkt</b>	Høgre side av vegen rett før slutten av Onevegen.
<b>Normal gangtid</b>	Ca. 1 time. 3,2 km t/r
<b>Høgde</b>	14 m.o.h.
<b>Parkering</b>	Parkering ved Rong skule

**TURSKILDRING:** Ta av RV 561 ved Rong senter. Køyr forbi senteret og vidare på Svarteviksvegen. Etter parkering på Rong skule: ta til høgre (Vestesundvegen). Ta andre veg til venstre (Onevegen). Stien startar på høgre side av vegen rett etter ei lita bru. Infotavle ved stistart. Ved første stiskille i starten tek ein til venstre. Turen går ut til vestsida av øya. Heilt ytst ligg Dethloffhytta. Merk at hytta er privat eigd. Vis omsyn. Turkassa er 100m før hytta. Kan gå rundtur om Kvittingsneset lenger sør for å få ein lengre tur. Meir historie om Dethloffhytta står i sjekkUT-appen.








# Steinsvatnet tursti

<b>Startpunkt</b>	Det Lille Brygghuset
<b>Normal gangtid</b>	1,5 time 4,8 km rundtur
<b>Høgde</b>	33 m.o.h.
<b>Parkering</b>	Parkering på Flåten og ved Blomvåg Kyrkje

**TURSKILDRING:** Steinsvatnet tursti er ei rundløype som startar og sluttar på Flåten ved Det Lille Brygghuset, Flotevegen 53. Stien er ein type sauetråkk - variert, nokre stadar vått terreng, men også delvis asfalt (siste 2,5 km er asfalt). Det er lagt klopper over dei våtaste partia. Langs kyststien ser ein kulturminne som vitnar om tidlegare aktivitetar. Det er god utsikt mot vest, og det er ofte observasjonar av ørn. Etter 1,3 km er det ein rasteplass med utsikt. Et stykke vidare på stien er det ein fin benk med utsikt mot havet i vest. Stien går vidare fram til fylkesveg 561. Herifrå er det ca. 2,5 km vidare på asfalt tilbake til Flåten. Fin teltplass på Gjøreshaugen. Skilta med avstikkar til venstre der Steinsvatnet startar. **NB:** ikkje telte ved Steinsvatnet sidan dette er drikkevasskjelde.



# Skogsøy

<b>Startpunkt</b>	Ved infotavle på venstre side av veggen rett før Langholmsundet.
<b>Normal gangtid</b>	2 timar, 4,9 km t/r
<b>Høgde</b>	48 m.o.h.
<b>Parkering</b>	Nokre få plassar i lomme på venstre side av veggen rett etter Langholmsundet.

**TURSKILDRING:** Start ved infotavle. Hugs å lukke grinda pga at det går sau på beitet. Ha hunden i band. Følg sti langs sundet, gjennom skogen og vidare utover mot havet. God utsikt mot havet i vest. Nokre bratte parti etter skogen. Her er det tau ein kan halde seg i. Frå Skogsøytuva er det flott rundskue, varden er ein flott stad å observere havets krefter. Hugs å halde god avstand, dønningene kan kome langt opp. Skogsøy er også ein mykje brukt fugleobservasjonspost, for å studere fugletrekket haust og vår. Sør for varden har BOF ei dagsturhytte (Hildringsbu). Her kan ein sitte i ly og sjå på fugletrekket. For å få ein rundtur kan ein følge stien på austsida tilbake til Herdleivær. Fine bade- og teltplassar ved svaberga sør for varden og aust for Hildringsbu. **NB:** bratt stup rett bak Hildringsbu.






# Kvednane

<b>Startpunkt</b>	Alvheim, i sørenden av Storavatnet.
<b>Normal gangtid</b>	1,5 time. 5 km t/r (til turkassen)
<b>Høgde</b>	5 m.o.h.
<b>Parkering</b>	Langs vegen ved stistart, Alvheimstræet.

**TURSKILDRING:** Gå inn på vegen mot nord og ta til venstre. Stistart i enden av vegen. Følg merka sti på vestsida av Storavatnet, forbi Nordre Kvalvik og gjennom fureskogen til Kvednane. Det er her turkassen står. Her ser ein framleis restar etter ei kvern ved bekken frå vatnet. Frå Kvednane går stien i ope terreng og dreiar etter kvart i nordaustleg retning. Fine klopper på slutten av stien, men det er ikkje mogleg å parkere der stien sluttar, så ein må enten gå tilbake, eller følge hovudvegen tilbake. Då blir det ein rundtur på 6 km.



”

Glede ved alt  
som ligg bak  
så nær





# Lislestakken

<b>Startpunkt</b>	Hjelme gamle kyrkje
<b>Normal gangtid</b>	Ca. 2,5 time. 4,8 km rundtur
<b>Høgde</b>	50 m.o.h
<b>Parkering</b>	Ved Hjelme gamle kyrkje

**TURSKILDRING:** Rundturen startar rett før Hjelme gamle Kyrkje, nord i Øygarden. Følg RV 561 og ta av til Hjelme ca 6,5 km nord for Tjeldstø. Frå parkering går ein tilbake til rundkøyring. Stien startar på vestsida her. Først går ein på opparbeid gamal bygdeveg (kyrkjeveg) og vidare på sti med blå merker fram til eit stiskille. Her går ein til venstre og følger merka sti fram til Lislestakken. Her det det laga til ein triveleg rasteplass med flott utsikt i alle retningar. Turkassa er her. Følg stien vidare til det tidlegare drikkevatnet, Silkaren. Ein fortsetter på sti langs vatnet på vestsida. Gå gjennom ei grind, 100 m lenger framme kjem ein til eit kryss. Her går ein rett fram i retning Hellesøy. Følg blå merker ned mot Hellesundskaret. Gå mot høgre og følg nordsjøløype tilbake til Hjelme. Ved grinda følger ein den gamle kyrkjevegen tilbake til parkeringsplassen. Lukk grinda sidan her er beitedyr! Hugs bandtvang.







# Seløy, Gløvrebu

<b>Startpunkt</b>	Bakken gravplass
<b>Normal gangtid</b>	1,5 time. 2,5 km rundtur
<b>Høgde</b>	38 m.o.h.
<b>Parkering</b>	Ved gravplassen

**TURSKILDRING:** Få frå gravplassen gjennom grind (lukk grinda, beitedyr) og følg merka sti heilt fram til Gløvrebu. Stien er lett å gå, litt kupert gjennom skogen. Når du kjem ut av den opnar det seg eit fantastisk utsyn ut over havet med holmar og skjær. Turkassa henger ved eit tre på sjøsida rett før ein kjem til gapahuken Gløvrebu. Ved Gløvrebu er det satt opp bålpanne og små eldstader. Dette er ein fin plass å raste. Her er det også ein liten sti merka Trollstien. Her kan barna leike og kose seg. Høgdepunktet er turen gjennom "Gløvro" - ein smal passasje i fjellet. Passasjen er rundt 50 m lang, 10 m høg og ca. 40 cm brei på det smalaste - ei spennande oppleving. Etter Gløvro kan ein fortsette vidare på stien i rundløypa tilbake til gravplassen. Det er også fint å ta ytre løype som går på nordsida av skogen. Her har ein sjøutsikt store delar av turen.



# Rubbegarnståna

<b>Startpunkt</b>	Sprengeneset, Hellesøy
<b>Normal gangtid</b>	Ca. 1 time. 2,9 km rundtur
<b>Høgde</b>	11 m.o.h.
<b>Parkering</b>	Hellesøy kai. Nokre P-plassar ved stistart Sprengneset.

**TURSKILDRING:** Sving inn til høgde ca 100m etter Hellesundkanalen, til veggen Sprengeneset. Følg denne veggen ca 0,5 km. Det står ei infotavle ved stistart som er på venstre side av veggen. Ein kan starte turen her, eller nokre hundre meter vidare innover. Stien er godt merka og er godt tilrettelagt med klopper over dei våtaste partia. Den austlege delen av turen er noko meir kupert og våt enn den vestlege delen. På stien på austsida er det eit stikkille nær sjøen. Den eine stien går inn i eit hyttefelt og skal ikkje brukast. Følg skilting mot Hellesøy til høgde om du kjem frå fyret. Ta til venstre mot nordvest om du kjem frå aust. Turkassen står i skogen litt sør for fyret.





## TUSEN TAKK TIL VÅRE SPONSORAR!

Dykkar bidrag er viktig i arbeidet vårt med å få flest mogleg ut på tur. Turglede er viktig for å skape forståing av verdien av å ta vare på vår vakre kystnatur.



TLF 951 87 323 / 971 10 336

## SARTOR STORSENTER



Kaien Håkonsund - 56338650 • Sund Senter - 56337444



REVISJON - ØKONOMI

5382 Skogsvåg - Tlf. 56 33 77 22 - [www.collegium.no](http://www.collegium.no)



BØRNES & FOSSE SNEKKERVERKSTED AS  
Storbotn Næringspark 54 • Tlf: 56 33 96 30  
[www.vestlandstrappen.no](http://www.vestlandstrappen.no)



Bestill fra din smarttelefon: 56 33 70 70  
Last ned appen FixIT Timebestilling  
fra App Store eller Google play

#kystpass2021



Salg av filet, lettsaltet og røykt fisk.  
Tlf: 56 33 82 92 • Mail: [telavagfisk@online.no](mailto:telavagfisk@online.no)



Sotra Seafood a.s



PANORAMA  
HOTELL & RESORT

[www.panoramahotell.no](http://www.panoramahotell.no) | tlf: 56 31 90 00



B TELLE  
TREARBEID AS

Et selskap i Telle Gruppen



tlf: 56 98 80 80  
E-post: [sundbilservice@automester.no](mailto:sundbilservice@automester.no)



KLEPSVIK MAT AS  
8-21 (9-20)

KALLESTAD TRANSPORT AS

tlf: 932 19 288

REMA 1000

SKOGSVÅG  
06-23 (07-22)



Åpent kvar dag heile året!



Tlf. 56 33 90 80 • Mob. 951 03 394 • [www.glesvaer.no](http://www.glesvaer.no)



FORLAND  
AUTOSENTER AS

TLF: 56 31 41 00



**TOYOTA**

**Toyota Sotra AS**



ENTREPRENØR  
**JUSTEIN OEN AS**  
tlf: 920 88 415

Din lokale elektriker!

**Vestgar  
Elektro**

Møllestykket 21  
5360 Kolltveit  
Tlf. 400 30 210  
post@vestgarelektro.no  
www.vestgarelektro.no



Tlf.: 915 70 507

**SPAR**   
**RONG SENTER**

OPNINGSTIDER:  
man - fre 7-22, lør 8-20



**BUNNPRIS**

SPILDEPOLLEN  
5382 Skogsvåg  
Man-fre: 09-20  
Lør: 09-18

**Montér**

Øygarden

Tlf.: 56 38 28 20

**SPAR**   
**TJELDSTØ**

OPNINGSTIDER:  
man - fre 8-21, lør 9-20

Telnes  Autosenter

 **ALGRØY  
Elektro as**

Tlf. 56 33 62 40 - www.algroyelektro.no



 **NORGESHUS**  
Øygarden

Blom servicesenter as  
**MECA** 

 **Toft  
Mesterrør**  
TLF 56 31 95 00  
www.tmr.no

 **ditt apotek**  
Sund Apotek • Skogsvåg  
Åpningstider: man-fredag 09-17  
lørdag 10-15  
 **ApoVest**  
Vestlandsapotekene





## GUTTA PÅ TUR

TUSEN TAKK til Rune Alvsaker Erichsen, Per-Erling Tellnes og Karstein Golten som samla inn **kr 88.320,-** til Sotra Øygarden Turlag. Dei gjekk Hardangervidda aust i august 2020. Denne turruta er ein sju dagars tur, men dei gjekk turen på tre dagar! Det skapte stort engasjement og mange gav sitt bidrag til spleisaksjonen deira. **Me vil også takke alle som bidrog i spleisinnsamlinga.**



## Opplev Øygarden

Vi har oppretta ei samleside for alle turar du kan delta på i kommunen. Du finn lenker til frivillige lag og organisasjonar, musea våre, turar til næringsaktørar og kyrkja. Kort sagt; vi ønskjer å samla all aktivitet på ein plass.

Musea i Øygarden tilbyr guida turar i påsken og til sommaren. Dette er turar som ein må melde seg på for å delta på. Soknerådet tilbyr guida turar langs pilgrimsleia vår i mai.

## Vil du bli kulturminniguide?

Det er guiden som utgjer den store forskjellen på turen, som peikar ut detaljar, fortel gode historier og anekdotar. Øygarden har mykje god historie å by på. Etter guideservicekurs, vil du vera ein ekte Øygardskjennar!

I vår kan du delta på guidekurs og bli sertifisert som «Øygardskjennar» gjennom Museum Vest og Øygarden kommune. **Kursstart er 15. april.** Det er påmelding via nettsida til kommunen.

Kurset vil gje deg ein fagkombinasjon som stettar historieformidling knytt til historia til Øygarden. Undervisninga vert gjennomført seks ettermiddagar, til saman 24 timar.



[OYGARDEN.KOMMUNE.NO/OPPLEVOYGARDEN](https://OYGARDEN.KOMMUNE.NO/OPPLEVOYGARDEN)

## Tirsdagsgruppa og Onsdagsgruppa

Seniorgruppa er delt inn i Tirsdagsgruppa og Onsdagsgruppa. Dei arrangerar turar med høg sosial faktor. Det er gratis å vere med på våre arrangement dersom ikkje anna er annonsert. Målgruppa for turane er seniorar som ynskjer å kome i fysisk aktivitet og bli ein del av eit sosialt turmiljø. Andre som har høve til å gå tur på dagtid er også velkomne.

## Søndagsgruppa

Søndagsgruppa er frå tidlegare Sotra-Øygarden Turlag. Denne gruppa arrangerer fellesturar annakvar søndag frå mars til desember, delt inn i vår- og haustprogram. Det er varierte turar som er opne for alle som ynskjer å gå på tur saman med andre.

**COVID-19: Følg med på retningslinjene som gjeld i kommunen. Arrangement i turkalenderen kan bli avlyst dersom det kjem nye smittevernreglar. Avlysing vert annonsert på heimesida [sotraoygardenturlag.dnt.no](http://sotraoygardenturlag.dnt.no)**

## Dugnadsgruppa

Dugnadsgruppa er ein viktig ressurs for alle som brukar turstiar i Øygarden kommune. Gruppa ryddar og merkar stiane våre og har eit stort sosialt fokus. I 2021 blir det meir fokus på å ha det sosialt i dugnadsgruppa. Det vil bli lett servering kvar gong dugnadsgruppa møtast. Det betyr at ein ikkje treng å vere nevenyttig for å delta. Me treng også nokon som tek seg av matsservering og planlegging.

Har du lyst til å vere med i Dugnadsgruppa til Sotra Øygarden Turlag kan du ta kontakt på e-post [sotraoygarden.turlag@dnt.no](mailto:sotraoygarden.turlag@dnt.no)

## DNT-ung

Dette er ei turgruppe for dei mellom 13-30 år. DNT-ung har eit variert turtilbod med nærturar, hytteturar, spelekveld, actionfylte opplevingar og mykje meir. Her finn ein vener for livet.

**For turprogram, følg med på: [sotraoygardenturlag.dnt.no](http://sotraoygardenturlag.dnt.no)**



## BARNAS TURLAG / TURBOKLUBBEN

Barnas Turlag har arrangement og turar for barn i alderen 0-12 år. Det er gratis å vere med på aktivitetane dersom ikkje anna er annonsert.

Turboklubben er et friluftslivstilbud for barn med faste treff i nærmiljøet. Målet med Turboklubben er å lære barn enkelt og naturvenleg friluftsliv ved å være ute saman, leike, oppleve, undre, utforske og lære om naturen. Det er eit lågterskeltilbod som gjev barna sjølvtilit og god sjølvkjensle gjennom meistring i naturen. Barna knytter nye venskap. Me har plass til 20 barn i alderen 5-10 år.

**Ta kontakt på [barnas.turlag.fjell@gmail.com](mailto:barnas.turlag.fjell@gmail.com) for påmelding.**

Det er gratis å vere med i Turboklubben, men barnet må vere medlem av DNT. Det kostar 130 kr i året.



## SØNDAGSGRUPPA

DATO	TURMÅL	OPPMØTESTAD/TID	VARIGHEIT
11.04	Kallestad - Kvedna t/r	Ved Kallestad grendahus kl. 10:30.	 3 t
25.04	Vorlandstuo	Ved Haugeskulen Vorland kl. 10:30	 2,5 - 3 t
09.05	Steinsvatnet tursti	Det Lille Brygghuset, Blomvåg kl. 10:30	 2 t
23.05	7-fjellstur Haganes-Spjeld	Parkeringsplass på Haganes kl. 09:00	 8-9 t
06.05	Smalaneset - Krabbakjeilo- Trollskogen, Algrøy	Algrøy skule kl. 10:30	 2,5 - 3 t
05.09	Gløvrebu gjennom Hjelmemarka	Hjelme kyrkje kl. 10:30	 3 t
19.09	Selekletten - Storavatnet- Bandelen	Tofterøy skule kl. 10:30	 2,5 t
03.10	Kårtveitpollen - Havutsikten - Landro	Kårtveitpollen kl. 10:30	 2,5 - 3 t
17.10	Knarvikløypa frå Blomvåg	Det Lille Brygghuset, Blomvåg kl. 10:30	 3-3,5 t
31.10	Laksen - Stordalen	Ved Sundskogen kl. 10:30	 3,5 - 4 t
14.11	Viggohytten - Gravdalsfjellet	Øygarden rådhus kl. 10:00.	 3 t
28.11	Selstø - Gåsvatnet	Idrettsplassen Telavåg 10:30	 2,5 t



# TIRSDAGS- & ONSDAGSGRUPPA

■ Tirsdagsgruppa  
■ Onsdagsgruppa

## VÅREN 2021 / SOTRA ØYGARDEN TURLAG

DATO	TURMÅL	OPPMØTESTAD/TID	VARIGHEIT
02.03	Bestemortre	Førdestraumen kl. 10.30	1-2 t
03.03	Signalen	Fjell kyrkje kl. 10.30	2,5 t
09.03	Nipasåta-Gåsavatnet	Telavåg stadion kl. 10.30	3 t
10.03	Damsgårdsfjellet	Fjell kyrkje kl. 10.30	5 t
16.03	Storaskjenet	Skogsvåg skule 10.30	2 t
17.03	Selefjellet rundt på Toftøya	Fjell kyrkje kl. 10.30	4 t
23.03	Fjæreide-Spjeldsfjellet	Hald Stadion kl. 10.30	3 t
24.03	Anekletten, Toftøyna	Fjell kyrkje kl. 10.30	3 t
06.04	Vorlandstuo-Randifjell	Haugeheim-Vorland kl. 10.30	3-4 t
07.04	Gjerdet, Bankesteinen, Kanikahaugen m.m.	Fjell kyrkje kl. 10.30	3,5 t
13.04	Skogsøy	Hald stadion kl. 10.30	3 t
14.04	Siglingavatnet rundt på Askøy	Fjell kyrkje kl. 10.30	4 t
20.04	Børnestangen	Nedre Børnes kl. 10.30	3 t
21.04	Skjenet frå Fjell	Fjell kyrkje kl. 10.30	4,5 t
27.04	Lutatangen	Nedre Golta kl. 10.30	3 t
28.04	Høybøen, Vindenes	Fjell kyrkje kl. 10.30	3 t
04.05	Bjelkarøy	Klokkarvik ferjekai kl. 12.40	3,5 t
05.05	Haganesfjellet frå Liaskjeret	Fjell kyrkje kl. 10.30	3-3,5 t
11.05	Kleppaksla	Kleppe grendahus kl. 10.30	2-2,5 t
12.05	Kallestad-Brotavarden	Fjell kyrkje kl. 10.30	5 t
18.05	Lynghovda-Grana	Telle kl. 10.30	3 t
19.05	Tyssøyna	Fjell kyrkje kl. 10.30	3 t
25.05	Selekletten-Selefjellet	Tofterøy skulehus kl. 10.30	3 t
26.06	Bjørkedalen mot Bildevatnet	Fjell kyrkje kl. 10.30	3-4 t
01.06	Øvre Golta	Nedre Golta kl. 10.30	2 t
02.06	Dagstur til Voss med buss/Påmeldingsfrist 02.05	Straume terminal kl. 08.00	-
08.06	Laksen-Stordalen	Sundskogen kl. 10.30	2-3 t
09.06	Fjæreide-Kårtveit-Fjæreide, rundtur	Fjell kyrkje kl. 10.30	5 t
15.06	Hellesøy Rubbegarnståna	Hald stadion kl. 10.30	4 t



## HAUSTEN 2021 / SOTRA ØYGARDEN TURLAG

DATO	TURMÅL	OPPMØTESTAD/TID	VARIGHEIT
24.08	Risøyna	Glesvær kai kl. 10.30	3 t
25.08	Ormhilleren	Fjell kyrkje kl. 10.30	4 t
31.08	Veten frå Førde	Førde kl. 10.30	3 t
01.09	Bekhilderen	Fjell kyrkje kl. 10.30	4,5 t
07.09	Lerøy	Klokkarvik ferjekai kl. 12.40	3,5 t
08.09	Veten frå Stranda skule	Fjell kyrkje kl. 10.30	5 t
14.09	Tyssøy	Hald stadion kl. 09.30	3 t
15.09	Prestelia-Vardafjellet-Fjell	Fjell kyrkje kl. 10.30	4 t
21.09	Algrøyna-Sandeie	Hald stadion kl. 09.30	5 t
22.09	Rubbegarnståna, Hellesøy	Fjell kyrkje kl. 10.30	4,5 t
28.09	Steinsvatnet tursti	Hald stadion kl. 10.30	3-3,5 t
29.09	Liatårnet frå Haganes	Fjell kyrkje kl. 10.30	4,5 t
05.10	Gardafjellet	Hald stadion kl. 10.30	3 t
06.10	Dronninga, Askøy	Fjell kyrkje kl. 10.30	4 t
12.10	Ormhilleren	Hald stadion kl. 10.30	2-3 t
13.10	Fjæreidevatnet rundt	Fjell kyrkje kl. 10.30	3,5 t
19.10	Forland rundt	SPAR, Forland-krysset kl. 10.30	3 t
20.10	Livarden, Totland	Fjell kyrkje kl. 10.30	5 t
26.10	Sundskogen	Sund kyrkje kl. 10.30	2 t
27.10	Vorlandstuva	Fjell kyrkje kl. 10.30	3,5 t
02.11	Saltskohavn	Hald stadion 10.30	2-3 t
03.11	Nordnesdalen	Fjell kyrkje kl. 10.30	4,5 t
09.11	Skaganeset	V/turstart Storhaugen kl. 10.30	2 t
10.11	Kolltveitmarka	Fjell kyrkje kl. 10.30	3,5 t
16.11	Bildøybakken til Fjell festning	Hald stadion kl. 10.30	3-3,5 t
17.11	Knappenfjellet	Fjell kyrkje kl. 10.30	3,5 t
23.11	Glesnes rundt og kafebesøk etter turen?	Glesvær kai/rorbu kl. 10.30	2 t
24.11	Gardafjellet-Haljevatnet	Fjell kyrkje kl. 10.30	3 t
01.12	Avslutning av turåret/Påmeldingsfrist 24.11		3-3,5 t

# Slik brukar du klippekortet:

Når du gjennomfører eit av dei 30 turmåla i dette heftet klipper du eit hol ved turmålet som står på klippekortet. Ved kvart turmål er det ein turkasse. Oppi her er det klippetang. Skriv deg gjerne inn i turboka som ligg i turkassa ved nokre av turmåla.

Når du har gått minst 10 turar er du med i trekninga av fine premiar (barn under 6 år minst 7 turar). Dei som går alle 30 turane får eit merke (pin). Det blir også trekt premiar blant dei som har minst 10 forskjellige innsjekk i SjekkUT-lista "Kystpass2021" (sjå s.7 for info om SjekkUT).

Trekning vert kunngjort på nettside og Facebook, både for Kystpass og SjekkUT. Bruk gjerne emneknaggen #kystpass2021 når du går Kystpasstur.

## Vil du ha med eitt av dine turbilete i Kystpasset 2022?

Send bilete til oss på epost [sotraoygarden.turlag@dent.no](mailto:sotraoygarden.turlag@dent.no). Biletet må ha god oppløysing. Me trekker fem vinnarbilete som blir med i Kystpasset 2022, med kreditering.

## NIVÅ PÅ TURANE



ENKEL



MIDDELS



KREVJANDE



DEL AV  
NORDSJØLØYPE

Neste nivå er ekspert, slike turar har vi ikkje i Øygarden Kommune



Lerøy	Bestemortre	Vorlandstuva	Selekletten	Veten	Bekhilderen	Grana	Skaganeset	Tyssøy	Indrafjellet/ Haganesfjellet	
									Liatårnet	
Namn									Gardafjellet	
Adresse									Larslibua	
Alder					Telefon					Fjellparken
e-post									Spjeldsfjellet	
<input type="checkbox"/> Er medlem i DNT lokallag									Sauafjellet	
									Ånesvika	
									Krabbakjeila	
									Havutsikten/ Polleide	
									Fuglavatnet	
Storskora	Vikåsen, Toftøy	Anekletten, Toftøy	Dethloffhytta	Steinsvatnet tursti	Skogsøy	Kvednane	Lislestakken	Gløvrebu, Seløy	Rubbegarnståna	



For å vere med i trekninga av hovudpremien må du være DNT-medlem. Hugs å krysse av her. Klippekortet kan du levere inn når du har gått minst 10 turar (barn under 6 år 7 turar). Du leverer det på eit av folkebiblioteka innan 1. mars 2022.

Manglar det klippetang, er boka fullskrivnen eller er det noko anna du vil melde frå om? Send gjerne epost til oss: [sotraoygarden.turlag@dent.no](mailto:sotraoygarden.turlag@dent.no)





Grafisk formgivning: Fjelldesign.no

# KLIPPEKORT

30 TURMÅL FOR STORE OG SMÅ!



FØLG OSS GJERNE FOR MEIR INFORMASJON OM  
TURAR, PREMIAR OG ARRANGEMENT

## Sotra Øygarden Turlag

**Facebook:** <https://www.facebook.com/sotraoygarden/>

**Heimeside:** <https://sotraoygarden.dnt.no/>

**Instagram:** <https://www.instagram.com/sotraoygardenturlag/>

Sotra Øygarden Turlag

